

VÅR/HAUST

REPERTOARMAGASIN 2026



2002 NTORO YUME
Y2K-NOSTALGI TIL SCENE 2


MAREN BJØRSETH
AKTUELL MED **SØSTRENE**
AV JONAS HASSEN KHEMIRI

15 ÅR
OM UNGT POLITISK
ENGASJEMENT

FEIL TEATER
TAR OVER SCENE 3

DET HAR VORE EIT FANTASTISK ÅR!
EN FOAJEKOMEDIE

**DET
NORSKE
TEATRET**



Alida Lorvik Bodd Amalie Ibsen Jensen Amanda Hedvig Strand Ameli Isungset Agbota Amell Basic Ane DahlTorp Astin Souleymane Axel Ahl Carl Martin Eggesbø Charlotte Frogner



Christian Ruud Kallum David Martin Qvale Granne Ellen Birgitte Winther Emil Johnsen Evelyn Rasmussen Osazuwa Elpida Stojcevska Frank Kjosås Frode Winther Gard Skagestad Geir Kvarme



Gina Bernhoft Gørvell Gjertrud Jynge Hallvard Holmen Heidi Gjermundsen Broch Hennie Vanay-Almaas Hibba Najeeb Hilde Olausson Iben Alida Ina Svenningdal Ingeborg S. Raustøl



Ingrid Jørgensen Dragland Iren Reppen Jae Nyamburah Jenny Mueni Ndunda Joachim Rafaelse Johan Hveem Maurud Jon Bleiklie Devik Julie Moe Sandø Kaia Varjord Ken-Philippe Tete



Khalid Mahamoud Kirsti Refseth Kjersti Dalseide Kjersti Elvik Kyrre Hellum Lasse Kolsrud Leo Magnus de la Nuez Lukas Ivanow Malik Edo Marianne Krogh



Marie Blokhuis Marta Aukland Max Olsson Mimmi Tamba Mohammed Aden Ali Morten Svartveit Nader Khademi Nami Kitagawa Aam Natalie Bjerke Roland Nikolas Pulka



Oddgeir Thune Oskar Maximillian Wifladt Blomseth Paul-Ottar Haga Preben Hodneland Pål Christian Eggen Rafid Arsalan Islam Randin Kummeneje Sara Khorami Sara Runsten Sebastian Skytterud Myers



Serhat Yildirim Sigrid Kandal Husjord Svein Roger Karlisen Tamar Ohana Goksøyr Thea Lambrechts Vaulen Tora Dietrichson Tord King Vetle Bergan Vincent Graham Øyvind Berven



VER DU EIT BÅL

Det Norske Teatret ønsker å markere seg som eit internasjonalt teater i toppklasse, gjennom ei radikal satsing på diversitet og fleirstemmigheit både i ensemblet, i kunstnariske team og i val av prosjekt.

Vi trur på scenekunsten som eit rom for erkjening, motstand og fellesskap. I tider prega av uro og endring gir teater, litteratur, musikk og kunst oss eit språk for det som er vanskeleg å setje ord på. Dei hjelper oss å forstå kva som står på spel – kven vi er, og kven vi ønsker å vere.

Teateret er ein viktig demokratisk møteplass der publikum blir invitert til å lytte, kjenne etter og reflektere over det som ofte blir ståande usagt. Her får dei store, gnagande spørsmåla i vår tid ei form – ikkje for å gi enkle svar, men for å opne nye tankerom, gi trøyst og kraft til å halde ut.

«Ver du eit bål», skriv Halldis Moren Vesaas i diktet «Tung tids tale» frå 1945. Det Norske Teatret skal vere eit slikt bål.

Velkomen til eit repertoar som utfordrar, rører og samlar oss.

Kjersti Horn, Teatersjef

Sirkusets eiga Pippi

I ungdommen brukte folk å seie til Tilde Björfors at ho var som Pippi.

Tekst: Åsne Dahl Torp
Foto: Siren Høyland Sæter



PIPPI PÅ SIRKUS

av Maria Blom, Björn Ulvaeus & Tilde Björfors
Regissør: Roine Söderlundh
Spelar til og med 27. juni

Var det noko dei vaksne sa at ikkje gjekk an gjere, så ville Tilde forsøke akkurat det.

Da ho blei vaksen, starta ho Sveriges første nysirkus-trupp, sjølv om alle sa at det var umogleg. Sidan den gongen har ho vore sirkusets Pippi.

Så når *Pippi på sirkus* skulle bli teater, var det innlysande at ho måtte ha regien på sirkuset! Da Tilde Björfors som 20-åring opplevde nysirkus for første gong, var det som ei openberring:

- Verda opna seg, perspektiva kunne skifte og alt var mogleg! Slik hadde det vore for meg med Pippi også i barndommen. Ein treng ikkje vere hard og rigid for å vere sterk. Det går an å vere leiken, nysgjerrig og snill. For meg er det dette som er drivkrafta for sirkuset, ja livet generelt. Vi menneske kan så mykje meir enn vi trur, dersom vi vågar å prøve, forklarar sirkusregissøren.

Leiken som utgangspunkt

Tilde meiner vi menneske har ein tendens til å stivne i mønster og oppfatningar av korleis ting skal gjerast, og gløymer at verda eigentleg blir skapt på nytt heile tida. Her har sirkusfolket og Pippi mykje til felles:

- Kvifor skal ein ikkje sove med føtene på hovudputa, om det kjennest betre? Kvifor kan vi ikkje vaske golvet med børstar på føtene, om det er artigare? Korleis kan vi gjere verda og livet morosamare? spør Tilde, som Pippi.

Leiken er utgangspunktet for alt i sirkuset, forklarar ho vidare.

- Om nokon heng i ein trapes eller flyg i lufta, så er jo det fordi folk har leikt og utforska kva som er mogleg å gjere. Ein stol kan vi sitte på – men kan vi også balansere han på hovudet?

Ny kunstform

Nysirkus (cirque nouveau) oppstod som kunstform i Frankrike i 1970-åra. Her er det sjeldan dyr med, som i tradisjonelt sirkus, men menneske som utfører alle triksa. Stilarten blandar sirkusferdigheiter og akrobatikk med dans, show, teater og konsert. Det var tidleg i 1990-åra at unge Björfors, den gongen skodespelar, opplevde nysirkuset for første gong. Da var ein fransk trupp på besøk i Stockholm:

- Det var sirkus, det var rockemusikk, det var dans, bilar som hoppa... og samtidig heilt lågmælte og poetiske augeblikk, mimrar ho.
- Det var fullstendig galet og fantastisk!

På teaterturné i Paris nokre år seinare, dumpa ho borti eit miljø av nysirkusstudentar. Ikkje hadde ho ant at det gjekk an å ta seg høgare utdanning innan denne grensesprengande kunstforma, og at det gjekk an å sjå nysirkusframsyningar alle dagar i veka!

- Her flaug folk i lufta, sprang oppetter veggane, balanserte stolar på hovudet eller slukte stolbeina, seier ho og ler.

«Dette vil eg gjere!» tenkte ho med seg sjølv, og starta på ei ny retning innan scenekunsten, no som linedansar.

Konstant i rørsle

- Å balansere på line, handlar ikkje om å finne balanse og ro, som ein kanskje skulle tru, men om konstant rørsle inn og ut av balansepunktet, forklarar Tilde.

- Forsøker du å halde fast ved balansepunktet, fell du. Det er også ein fin metafor for livet.

Men å bli linedansar er ei krevjande utdanning som tek fem år. Og det hadde ikkje Tilde tolmod til. Ho ville meir. Ho ville lage heilskapen, og ikkje

minst ville ho ta kunstforma heim til Sverige. Til slutt fekk ho nokre venner med på å lage ein nysirkusfestival ved Orion Teatern i Stockholm. Det blei slik suksess, at dei fann ut at dei berre måtte starte eit nysirkusteater, og med det blei Cirkus Cikör til, i 1995. Sidan den gongen har ho vore sirkusregissør, sirkusdirektør, starta ein sirkushøgskole, turnert verda rundt og til og med blitt professor i nysirkus!

*- Forsøker du å halde fast ved balansepunktet, fell du.
Det er også ein fin metafor for livet.*

Å våge som metode

- Men, må ein vere veldig modig for å bli sirkusartist?

- Eigentleg er eg faktisk ganske redd. Men så oppdaga eg at når eg torde å gjere det eg eigentleg ikkje våga å gjere, opna verda seg. Noko nytt skjedde og eg lærte noko nytt. Dette oppdaga eg ganske tidleg, forklarar Tilde.

Å våge og å vere open har nesten vore som ein metode i livet.

- Akrobatane har vore dei beste lærarane for meg. Dei arbeider dagleg med å endre risiko til moglegheiter. Så da produsenten My Blomgren og Björn Ulvaeus ringde og lurte på om ho ville vere med på å lage ei sirkusteaterframsyning av ei Pippi-forteljing som eigentleg berre er på fire boksider, var ho ikkje i tvil.

-Pippi er jo sirkus!

PIPPI TAR MANESJEN MED STORM!

Alt kan skje når viltre og gøyale Pippi entrar sirkusteltet for første gong saman med vennane Annika og Tommy. Ho kastar seg inn i leiken og viser at ho ikkje berre er sterk, ho kan også ri på hestar og sveve over scenen i luftig akrobatikk. Når Pippi dreg på sirkus spelar heile Hovudscenen på lag og teatermaskinen har sjeldan vore meir magisk, forførande og fargesprakande. Og med musikken til ABBA-legenda Björn Ulvaeus svingar det frå første taktslag. Bli med da vell!



Pippi på sirkus er både ei heilstøypt sirkusoppvising, eit sterkt teaterdrama og ein fullblods musikal.
Foto: Siren Høyland Sæter



På sirkuset møter Pippi og vennane hennar linedansaren Elvira, dotter til sirkusdirektøren.
Foto: Siren Høyland Sæter



Her tar Pippi over showet og viser at ho er sterkare enn Sterke Adolf.
Foto: Siren Høyland Sæter



Pippi på sirkus er ein fargerik og halsbrekkande sirkusmusikal basert på Astrid Lindgren si historie.
Foto: Siren Høyland Sæter

HEDDADAGANE

Full oversikt over programmet, finn du på heddadagane.no.

Heddadagane er ein teaterfestival som samlar scenekunst frå heile landet til ei veke med framsyningar, bransjeprogram og sosiale arrangement i Oslo.



DET HAR VORE EIT FANTASTISK ÅR

Foajeen

9. juni kl. 20.00
10. juni kl. 20.00
12. juni kl. 20.00



PELICOT-RETTSSAKA

Hovudscenen

8. juni kl. 18.00

I samarbeid med Festsjellene i Bergen



15 ÅR

Rommen Scene

10. juni kl. 19.00
12. juni kl. 19.00
13. juni kl. 17.00



NÅR ALLE SOVER

Foajeen

9. juni kl. 10.00
9. juni kl. 11.00

Gjestespel frå Unge Viken Teater



SUKKER

Scene 2

10. juni kl. 19.00
12. juni kl. 17.30



ANTROPOLIS

Scene 2

9. juni kl. 13.00
13. juni kl. 13.00



EUROPAVISJONAR

Hovudscenen

11. juni kl. 19.30



PIPPI PÅ SIRKUS

Hovudscenen

9. juni kl. 17.00
10. juni kl. 18.00
12. juni kl. 17.30
13. juni kl. 15.00
13. juni kl. 18.00



DA VI VAR YNGRE

Scene 2

11. juni kl. 19.00



EG ER LUCY BARTON

Scene 3

9. juni kl. 20.00
10. juni kl. 13.00

Gjestespel frå Teater Vestland



WO(O)LF WOMEN

Scene 3

12. juni kl. 19.30
13. juni kl. 17.30

Gjestespel frå Rogaland Teater

SUKKER

av Linda Gathu
Regissør: Linda Gathu
Nypremiere 6. mai 2026

Ein afrofuturistisk bildungsroman

Linda Gathu sin satire *Sukker* har tatt den norske teaterverda med storm. I hjartet av framsyninga ligg ein svart kunstnar si reise i tid og rom, der ho forsøker å skape meining i samtida.

Tekst: Haweya Jama

Då eg møtte Linda på loftet til Kunstnerforbundet for å ta ein prat, var det ein solfylt torsdag førmiddag, berre ei knapp veke etter at ho hadde vunne Ibsenprisen for stykket sitt.

Sukker (En kort underretning om vår begynnelse, tiltagelse og nuværende forfatning i kongeriket Norge, tidligere kjent som Danmark-Norge, i perioden 1660-2058) handlar om Nimu, ein ung eksentrisk kunstnar som blir konfrontert med kunstverdas reduktive og fordomsfulle forventningar. Dette møtet kastar henne inn i ei slags identitetskrise, og fungerer som ein portal der ho gjev seg ut på ei transformativ reise gjennom tid, i lag med såkalla afronautar og ei rekke fiksjonelle versjonar av historiske skikkelsar.

Kolonialisme som bakteppe

Slike identitetskriser er ein slags overgangsrite for kunstnarar med minoritetsbakgrunn, fortel Gathu, der ein er tvinga til å navigere ein saus av konkurrerende patologiar, historiske maktdynamikkar og merksemdsøkonomiens stadig endrande haldning til rasifiserte individ.

- Det er jo noko ein finn i bildungsromanar, at du skal finne di eiga stemme og alt det der. Nimu er jo veldig ung, forklarar ho.

- Konflikten fungerer som ein portal til forfedrane hennar, og dei hjelper henne å forstå situasjonen ho er i.

Gathu omarbeider majoritetsbefolkninga sitt granskande blikk og harselerer med dei underbevisste haldningane deira.

- Gjennom humor kan ein leike med persepsjonar og kva folk forventar, seier ho.

Det får eit spesielt utslag i norsk kontekst, der folk er gjennomgåande konfliktsky.

- Kanskje også litt sjølv gode? legg Gathu til.

Kolonihistoria til Noreg er prega av ansvarsfråskrivning, der Danmark tar det meste av støytten trass i at Noreg også spelte ei vesentleg rolle.

- Men kolonialisme er ikkje hovudpoenget i stykket, presiserer ho.

- Det ligg meir som eit bakteppe.

For Gathu var det også viktig at karakterane skulle vere dynamiske og feilbarlege, noko satiresjangeren gjev mykje rom for.

- Dersom dette var eit drama, kunne Nimu blitt oppfatta som veldig nobel, men ho er jo litt latterleg også. Så det treng ikkje å bli dogmatisk heller. Det er også tydeleg i dialogen med afronautane, som ofte kranglar og kløner seg gjennom rettleiinga av Nimu.

Tidsforståinga blir utfordra

I stykket blir den tradisjonelle lineære forståinga av tid



Linda Gathu vann Ibsenprisen 2026, ein pris ho fekk for sterkt og leikent tekstarbeid med *Sukker*. Foto: Morten Bjerck.



Ameli Isungset Agbota som kunstnaren Nimu. Kuratoren vil at ho skal vere ein anna enn den ho er. Foto Ole Herman Andersen

utfordra, ved at fortid, notid og framtid blir fletta i hop. Denne tidsforståinga er, som andre aspekt av stykket, basert på postkolonialistiske kunnskapsformer. Gathu, som sjølv er halvt kenyandar, let seg blant anna inspirere av filosofen John Mbiti og arbeidet hans knytt til afrikanske religionar.

- I nokre av desse trusretningane ligg det føre ei forståing av at fortida heile tida lever ved sida av notida, seier Gathu. Sånn sett har afronautane, og desse historiske skikkelsane, alltid vore der med Nimu, men trør fram og blir synlege når ho treng dei.

Biografiske element

Skikkelsane Nimu møter er mellom anna Christian Hansen Ernst (1660~), Kola Mangoli (ca. 1800~), Olav Joleik, Anne Brown og Ruth Reese (1900~). Men desse blir ikkje framstilt biografisk. Gathu låner frå Sadiya Hartmans «critical fabulation», som er ei tilnærming som overgår dei dehumaniserande framstillingane av afrikanarar i historiske arkiv. Her blir grensa viska ut mellom historisk mimring og spekulasjon for å fremje skjulte historier og fyller tomromma som arkiva har etterlate seg. Gjennom utviklinga av desse karakterane fortel Gathu at dei skil seg markant frå inspirasjonskjeldene sine.

Nokre biografiske element klarte likevel å snike seg inn i manuset, som til dømes appelsinane som ramlar ut av kofferten til Ruth Reese. Når eg nemner appelsinane i samanheng med estetikken til stykket, blir Gathu begeistra.

- Appelsinane! Dei er jo faktisk heilt frå Bergen. Mange skjønner ikkje kvifor ho har alle desse appelsinane. Det er jo veldig surrealistisk. Ruth Reese sa at folk stadig gav henne appelsinar mens ho turnerte, fordi dei antok at ho som svart av ein eller annan grunn skulle like appelsinar.

Medvitne sceneskift

Scenografien og kostyma er utvikla av Eli Mai Huang Nesse, som har vore samarbeidspartnaren til Gathu sidan dei gjorde ei stadsesifikk framsyning basert på ein tidlegare versjon at teksten på det gamle

skipsverftet i Bergen. Gathu fortel at den opphavlege scenografien var slik at dei ulike tidsepokane hadde eigne rom for å markere korleis historiske hendingar eksisterer side om side med notida. Dette let seg ikkje like lett omsette, så det blei i staden erstatta med dei framstående sceneskifta. «Snap!» er slik Gathu beskriv desse distinktive sceneskifta.

Sceneskifta involverte mykje ombruk, både av gjenstandar og av skodespelarane sjølve, som spelte fleire roller samstundes. Det var ikkje berre ei praktisk tilpassing til den nye scenen, men skulle også markere fleirtydighet.

- Scenerommet er ein stad som stadig blir transformert.

Tid er aldri lineært, fortid, framtid og notid eksisterer parallelt. Ein person er ikkje binær, men har potensial for å bli transformert på tvers av tid, rom og kjønn.

Her nemner Gathu ei anna viktig inspirasjonskjelde, nemleg den afroamerikanske dramatikaren Adrienne Kennedy.

Del av ein trilogi

Gathu tviholdt på manuset sitt i mange år før ho endeleg fekk ta det til scenen. Vilkåret om at ho skulle stå for regien sjølv, gjorde at prosessen blei lengre.

- Eg ønskte ikkje at teksten skulle bli filtrert gjennom eit normativt blikk, fortel ho.

Som konsekvens har ho blitt den første svarte kvinnelege regissøren på Det Norske Teatret, og den første til å vinne Ibsenprisen. Men å vere først seier like mykje om merittane til kunstnaren som det gjer om avgrensingane til institusjonen. Sånn sett er det å vere først ikkje ein utelukkande positiv ting, hevdar Gathu.

Sukker er ein del av ein trilogi som visast på Det Norske Teatret, og andre del kalla *Fireburn* kan vi allereie forvente i 2027. Sjølv om dei underliggende temaa kjem til å vere like, har desse frittstående handlingar. Gathu røper allereie at *Fireburn* dreier seg om aktivisme og revolt. Før den tid kan vi sjå *Sukker* spele igjen denne våren.



MYKJE ER MEKTIG, MEN INGENTING ER MEKTIGARE ENN MENNESKET

Er idéen om mennesket som eit rasjonelt og opplyst vesen riktig? *Antropolis* går tilbake til kjeldene og ser oss i korta.

Tekst: Siri Løkholm Ramberg
Foto: Glenn Thomas Krahl

Antropolis tar den tyske dramatikaren Roland Schimmelpfennig for seg fleire av dei greske tragediane som utgjer fundamentet for dei store forteljingane til vår sivilisasjon. Forteljingane og karakterane har sett djupe spor i språket, litteraturen og populærkulturen og bidrege til korleis vi forstår oss sjølve. Vi følgjer den historiske byen Teben frå den segnomsuste grunnleggninga og gjennom opp- og nedturar, i hendene til ulike generasjonar av ætta til Kadmos – den tebanske kongefamilien.

Kongefamilien i Teben figurerer i ei rekkje av dei mest sentrale forteljingane i vår kultur – særleg kjend er lagnaden til Ødipus, kongen som på flukt frå ein spådom om at han kjem til å drepe far sin og gifte seg med mor si, uvitande endar opp med å gjere nettopp det. Velkjend er

også forteljinga om dotter (og halvsyster) hans, Antigone, som hardnakka nektar å følgje befalinga om at berre den eine av dei to brørne hennar skal få gravleggjast på skikkeleg vis.

Vi har ikkje like ofte høyrte frå Laios, far til Ødipus, eller frå Lokaste, som både blir mor og kona hans, som i Schimmelpfennig sin kvintett har fått kvar sin del.

Karakterane i dei greske tragediane var stort sett henta frå adelen og dei kongelege; det er eliten som blir skildra.

Schimmelpfennig har understreka dette. Han lar oss følgje denne i utgangspunktet privilegerte familien gjennom fleire generasjonar. Samstundes løftar han fram fleire av høgdepunkta frå den antikke arven i ei ny, stor framsyning. Det krev ein del av oss som tilskodarar, men det er òg eit unikt høve til å sjå desse forteljingane samla og på ein ny måte. Det er noko anna å sjå Antigone sin kamp når vi nett har sett brørne hennar i krig, enn å få ei hending som ligg noko tilbake i tid gjenfortalt.

Øvinga å ta tak i desse forteljingane er på ingen måte ny; det har dramatikarar gjort til alle tider. Sara Stridsberg med *Medealand*, Eugene O'Neil i *Sorga kler Elektra* og Sarah Kane i *Fedras kjærleik*, for å nemne nokon. Her er forskjellen frå dei gamle og dei nyare tragediediktarane ikkje så stor som ein kanskje skulle tru. I antikkens Hellas henta dramatikarane motiva til stykka sine i mytologien eller frå historiske hendingar som låg nært i tid, noko som gjorde at publikum kjende til handlinga og utfallet i tragedien på førehand. Spenninga var altså ikkje i så stor grad knytt til kva som skulle skje, men korleis dramatikaren hadde skildra det; kven sitt perspektiv vi følgjer, kva dramatikaren har valt å fokusere på og i kva form og språk det blir fortalt.

Ut over å ta tak i dei greske tragediane, har Schimmelpfennig i *Antropolis* skrivne enkelte delar utan eit tydeleg litterært førelegg, der han brukar karakterane og hendingane,

men dei har ei anna oppbygning enn delane som meir direkte er omskrivingar av tragediane.

Utgangspunktet for dette storverket er delvis dei greske tragediane, av dei tre store tragediediktarane Aiskylos, Sofokles og Evripides. Dei verka i det antikke Hellas, om lag 400 år fvt. Hellas er på dette tidspunktet ikkje eit land, men består av fleire bystatar, kalla polis, i området rundt Middelhavet og dagens Hellas. Det antikke greske teateret reknast som opphavet til det vestlege teateret, som oppstår i forlenginga av festivalar for å dyrke guden for vin og fruktbarheit, Dionysos. Rituelle opptrinn der alle deltok utvikla seg til å ha eit skilje mellom utøvar og tilskodar. I det som opphavelig var eit korverk braut ei motstemme ut, som blir den første karakteren i teaterhistoria. Denne karakteren, protagonisten, får så svar av ytterlegare ein karakter, antagonisten. Med denne utviklinga kjem moglegheiter for dialog og konflikt. Høgst sentrale og stadig verksame omgrep som teater, drama, maske og scene kjem frå denne perioden.

Verka frå den greske antikken er dei eldste vestlege dramatiske tekstane vi har. Saman med den første teoretiske teksten om dramatik, Aristoteles sin poetikk *Om diktekunsten*, har dei hatt ein enorm påverknad på dramatikken si utvikling vidare, særleg under renessansen og klassisismen.

Historisk sett var alle dei greske tragediane del av ein trilogi, som blei framført i løpet av ein dag, men berre ein trilogi er bevart i sin heilskap, *Oresteia* av Aiskylos. Etter dei tre tragediane blei eit parodisk satyrspel av same dramatikar og over same tema framført. Det antikke teaterpublikummet såg altså desse stykka i lys av kvarandre, heller enn å sjå dei med mange års mellomrom og kanskje aldri alle. Slik liknar kvintetten *Antropolis* på dei originale tragediane i format.

Handlinga i *Antropolis* – del for del

I **prologen** får vi heile opphavssegna til byen Teben. Kadmos leitar etter syster si, Europa, som har blitt bortført av Zevs. Etter at han går sigrande ut av ein kamp mot ein drake, får han bod frå skytsgudinna Athene om å så tennene frå den daude draken. Ut frå dei veks det væpna menn, som drep kvarandre – til det berre er fem igjen. Med desse fem grunnlegg Kadmos den skinande byen Teben.

I **Dionysos** er det barnebarnet til Kadmos, Pentevs, som er konge i Teben. Guden Dionysos, som sjølv er frå Teben og son til ei av dei tebetanske prinsessene, vender tilbake til fødebyen med krav om at dei skal tilbe han og gje seg hen til dei dionysiske festane. Kong Pentevs vil forby denne nye trua og det endar i eit blodig oppgjør der Dionysos sigrar og sender Teben ut i anarki.

I **Laios** har eit anna barnebarn av Kadmos tatt over trona. Han giftar seg med Lokaste, men det unge paret får ein spådom frå orakelet i Delfi om at dei må halde seg barnlause, elles vil sonen drepe far sin og gifte seg med mor si. Ein son blir likevel unnfanga og kongeparet set han ut på fjellet Kithairon for at han skal dø. Denne sonen får namnet Ødipus og endar med vekse opp som ein prins i Korint. Fleire år seinare møtest Laios og Ødipus langs landevegen – uvitande om at dei er far og son – og Ødipus slår Laios i hel.

Ødipus har blitt konge i Teben. Byen er no ramma av ein alvorleg pest, fordi dei aldri har funne drapsmannen til den førre kongen, Laios. Kong Ødipus har no gifta seg med dronning Lokaste og fått fire barn, og med det fullbyrda spådommen. Han set i gang ei stor undersøking for å finne drapsmannen.

I fjerde del, **Lokaste**, står dronninga av Teben i sentrum. Ødipus og Lokaste sine søner, Eteokles og Polyneikes vil begge regjere i Teben. Lokaste prøver å mekle mellom brørne slik at det ikkje utartar seg til full krig.

I **Antigone** følgjer vi dotter til Ødipus og Lokaste. Onkelen Kreon har etter mange år som nestkommanderande no tatt kongemakta i Teben. Han nektar henne å gravleggje sin daude bror, Polyneikes.



ANTROPOLIS

av Roland Schimmelpfennig/Sofokles
Regissør: Mina Salehpour
Spelar til og med 13. juni 2026

DEN KREVJANDE KONGEMAKTA

Tekst: Ida Michaelsen
Foto: Siren Høyland Sæter

Vanskeleg å vere kongeleg i dag? Det var mykje verre før. I dei greske urforteljingane var det nådeløst å vere kongeleg. Særleg om du var kvinne.

I *Antropolis* møter du nokre av dei velklede, opphøgde og siviliserte damene som har tråkka opp stien for vår sivilisasjon. Gjertrud Jynge portretterer to berykta royale superstjerner frå ei tid utan pressekonferansar og raude løparar.

Agave blir offer for rus, manipulasjon, galskap og blodige oppgjer. Det endar med at ho må forlate kongeriket.

Ho er mor til kong Pentevs som ikkje vil anerkjenne den nye guden Dionysos. Og derfor hemnar Dionysos seg på kongen ved å lure Agave ut på jakt i skogen. Manipulert og rusa trur ho at ho har drepe ei løve, men det er hovudet til kong Pentevs, sonen hennar, ho kjem triumferande tilbake med. Det er først når rusen avtar og galskapen begynner å gå over at prinsessa innser kva ho har gjort.

Dronning lokaste er gift med kong Ødipus. Han syner seg å vere sonen hennar. Og ikkje berre det, han har drepe den tidlegare mannen hennar. Altså far sin. Når han forstår at han har fått fire barn med mor si, riv han ut auga sine. Mellom sønene blir det kniva om kongemakta. lokaste klipper av seg det lange lyse håret sitt i sorg over at sonen, kong Eteokles, har bannlyst broren Polyneikes. Avtalen var at dei skulle styre landet annakvart år.

Å stå på toppen av makthierarkiet har alltid vore heftig. Tydelegare enn i dei greske klassikarane kan det knapt uttrykkast. *Antropolis* er historia om opphavet til vår sivilisasjon. Forteljingane representerer ikkje berre ei svunnen tid, men er verksame også i dag. Dilemmaa og maktkampane liknar våre. Kongelege familiedrama var derimot hakket meir intense.

Gjertrud Jynge spelar både Agave og lokaste i *Antropolis*. Ho er blant skodespelarane i ensemblet som har arbeidd mest med dei greske tragediane og drama bygd på antikke skapnader. Jynge har tidlegare spelt Klytaimnestra to gonger i *Orestien* (2003) og *Oresteia* (2023) og i *Antigone* (2018). Ho har også spelt i *Fedra* og *Sorga kler Elektra*.



- 1 Joachim Rafaelsen som Dionysos.
- 2 Ingeborg Sundrehagen Raustøl som ei av menadene.
- 3 Frode Winther som Kadmos.
- 4 Marianne Krogh som ei av prinsessene i Teben.
- 5 Gjertrud Jynge som Agave.
- 6 Kyrre Hellum som Teresias.
- 7 Oddgeir Thune som Polyneikes.
- 8 Frank Kjosås som Laios.



Frå leseprøvene på 15 år. På scenen står Vette Bergan, Thea Lambrechts Vaulen, Mohammed Aden Ali og Serhat Yildirim. Regien er ved Tatu Hämäläinen og scenograf er Tove Dreiman. På scenen skal det bli reist og bygd ein leir.



15 ÅR

Et dokumentarisk teaterstykke



15 ÅR

av Kathrine Nedrejord
Regissør: Tatu Hämäläinen
Premiere 10. juni 2026

Det Norske Teatret hadde lenge tenkt å lage ei teaterframsyning om 22. juli i 2026. Tittelen var det som kom først. 15 år. 15 år sidan åtaka. Og mange av offera vart ikkje eldre enn rundt 15 år.

Men korleis i all verda skal ein nærme seg noko slikt, teatralt?

Det blei tidleg klart at framsyninga måtte fokusere på det terroristen ville til livs, nemleg det ungdommelege engasjementet til dei som var på AUFs sommarleir. Kva var det som dreiv desse ungdommane til å dra på politisk sommarleir? Kva saker var dei opptekne av? Arbeidet starta med ein hypotese om at vi ikkje nødvendigvis skulle lage ei framsyning som handla om sjølve terroråttaket. Temaet skulle vere politisk oppvakning, og det å finne sin politiske identitet. Overlevande og pårørende blei kontakta og intervjuva ut frå denne innfallsvinkelen. Tematikken blei snart utvida til også å handle om dagens ungdom. Kva er dagens 15-åringar opptekne av? Kva motiverer dei? Teateret kontakta ungdomspartia på tvers av partigrensene, og snakka med ungdommar frå MDG, Sosialistisk ungdom, Senterungdommen, Høgre og Framstegspartiet, i tillegg til AUF.

Undervegs i arbeidet vart det tydelegare og tydelegare at 15 år er både veldig kort og veldig lenge sidan.

Mellom samtalanene med dei overlevande og pårørende, og samtalanene med ungdommane anno 2026, låg historia om sjølv terroråttaket. Som for Peer Gynt i femte akt, blei det klart at vi ikkje kunne gå utanom. Vi måtte dykke inn i det mørkaste og inkludere dette mørket i framsyninga.

Arbeidet med 15 år har vore ein kollektivt prosess. Prosessen har vore smidig og dynamisk, og han har blitt hjulpet på veg av mange menneske. I tillegg til skodespelarane og kunstnarleg lag har folk med konkrete, kroppslege erfaringar frå sjølve åttaket, og folk med spesialkompetanse innan radikaliseringsbidradd. Det same har ungdommar som har fortalt om liva sine og om kva dei tenkjer om framtida. Nokre av desse ungdommane er med i framsyninga.

Det Norske Teatret inviterer til ein leir der fellesskap og dugnad står i sentrum. Saman skal vi bygge leiren. Og saman skal vi skape ei historie.

Å FINNE SIN POLITISKE IDENTITET

Historier om politisk engasjerte ungdommar er gjerne historier om engasjement, glede, samhold, håp, fest, forelsking, bading og solnedgang. For dei unge som opplevde den redselsfulle dagen i juli i 2011 er det også historier om frykt, liding, sinne, smerte og sorg. 15 år har gått. Er engasjementet like sterkt blant dei unge i dag?

Tekst: Ingrid Weme Nilsen
Foto: Ole Herman Andersen



DET FINNST ALLTID LYS

På éin ettermiddag vart Noreg forandra for alltid. Annleislandet, tillitssamfunnet, og oljefondet sitt heimland hadde jo alltid klart seg.

Tekst: Gaute Børstad Skjervø
Foto: Sandra Tenud
Til nynorsk ved Inger Johanne Sæterbakk

Når europeisk jord vart farga raud av islamistisk terror, når Island, Hellas og dei amerikanske finansmarknadene knekte ryggen under finanskrisa og når 90-års optimismerus vart til bakrus i amerikanarane sin krig mot terror, var Noreg likevel til å kjenne att. Her kunne kvite varebilar køyre heilt fram til statsministerens kontor, og politisk vald var noko som ramma andre. Sånn vart det aldri igjen. Det Noreg eg levde i som 15-åring kjem aldri tilbake. Det er det lov å kjenne ei sorg over. Men sorgene kan ikkje vare evig, verken dei som kjem etter massedrap eller det saknet vi alle ber på, av ei meir uskuldig tid.

I 2026 står verda på eit demokratisk vippepunkt. Dei autoritære regima mel i stykke folkeretten. I både Moskva og Washington er ein 100 år gammal ideologi som nesten lukkast med å brenne ned verda sist han styrte, igjen ved makta. Eg kan ikkje hugse sist eg gjekk gjennom ei heil veke utan minst ei svært negativ verdsnyheit rullande over skjermen med store bokstavar. For meg er det ei hjelpsam

øving å minnast at mi verd er blitt snudd fullstendig på hovudet før. Og nettopp derfor trur eg at eg veit noko om kva som trengst når den gamle verda er ugjenkalleleg borte.

Redd for trekken

Mi salige farmor budde i eit hus reist under gjenoppbyggingsåra etter krigen. I stua hennar lukta det alltid sigarettøyk, og på kjøkkenet stod det eit grått respatexbord ho sat inntil fleire timar av gongen. Som barn forstod eg aldri korfor ho vart så streng når vi barnebarna gløynde å lukke dørene mens vi sprang inn og ut i ein sommarferie eller på overnattingsbesøk om hausten; men farmor var redd for trekken. Som barn hørdest det underleg ut, inne hos ho var det alltid fyr i peisen og det låg alltid store bjørkekubbar klare til å leggest inn når flammene vart til glør. Trekken var eit uforståeleg konsept for meg som barn. Men vaksen forstår eg at livet mitt er forma av han. Det finst ingen store nynazistgrupper i dagens Noreg. Den økonomiske ulikskapen hos oss er lågast av alle verdas meir enn 190



I år er det 15 år sidan terroråttaket på Utøya. Gaute Børstad Skjervø var nettopp fylt 16 da han flykta frå kulene. Vi bad AUF-leiaren om å skrive om tida som har gått frå 2011 og kva som har forandra seg for han og i den norske - og den globale - fellesskapen.



Frå opninga av AUFs sommarleir på Utøya i 2024.
Foto: Tor Erik Schrøder/NTB.

land. Folk har, trass i store kriser, framleis stor grad av tillit til både politikarane og institusjonane. Men vi er ikkje vaksinerte mot den fascistiske vinden som heimsøker verda vår.

Ingen vaknar opp ein morgon som terrorist. Terror er endestasjonen i ei reise som startar med eit skilje mellom «oss» og «dei». Dei siste tiåra har sterke politiske krefter frå det ytste høgre brukt milliardar av kroner på å puste liv i glørne av hat og vondskap. Gjennom skjermen kjem dei inn på guteromma til sønene våre. Ved å spele på ekte kjensler som ligg latente i kvar og ein av oss, men kanskje særleg blant sårbare unge menn, har dei gitt all verdas urett og faenskap eit fiendebilde. Feministane. Sosialistane. Antirasistane. Kvinnene. Transpersonane. Innvandrarane. Jødane. Muslimane. Dei framande.

Hat og fiendskap har fått gode vekstvilkår i ei verd der døra til det ekstreme har stått på vidt gap. 22.-juli-

terroren var ei påminning om kva som ventar om trekken får festa taket. Sidan den gongen har vi sett det igjen, da ein ung høgreekstrem drap søster si, Johanne, før han forsøkte å masseavrette muslimar samla til bøn i Al Noor-moskeen i Bærum. Den 25. juni 2022 vart skeive samla til folkefest i Oslo ramma av grå kuler frå ein radikal islamist.

To vart drepne, og mange skadde. 24. august 2025 vart Tamima Juhar knivdrepen av ein høgreekstrem 18-åring mens ho var på jobb for velferdsstaten. Dette er Noreg i dag. Men det treng ikkje vere Noreg i morgon.

Ein utrygg morgondag

Det er lett å sakne den gamle verda når morgondagen kjennest mindre trygg enn gårdagen. Men ingen av oss kan hente tilbake det som var. Det vi kan gjere noko med, er korleis verda skal bli. Etter 22. juli var det ikkje noko eg heller ville enn at alt skulle bli som det hadde vore før. Eg var sterkt imot at AUF igjen skulle arrangere sommarleir på øya, nettopp fordi det aldri igjen ville bli som det ein gong hadde vore. Ingen stader på den vesle øya var urørt av terroråttaket. På fleire av dei mest populære badestadene var heile grupper med ungdommar utrydda. Frå kafebygget der vi diskuterte fritt Palestina på dagen og spelte kort om kvelden, flykta eg sjølv ut idet gjerningsmannen skaut og drap 13 andre. Å tru at nye generasjonar unge skulle kunne bade, le, diskutere og kline der fleire av mine nærmaste vennar frå AUF vart drepne, kunne ikkje vere anna enn eit falskt håp.

- Det vi kan gjere noko med, er korleis verda skal bli.

Fornya tru på verda

Eg sat heime og såg bilde av dei første leirane tilbake. Der var det ei blanding av gamle og nye AUFarar som diskuterte politikk med landets øvste politikarar. Det var vennegjengar som svei av alle lommepengane i kiosken og forelska

16-åringar som heldt hender på Kjærlighetsstien. Mykje var faktisk som det ein gong hadde vore. Men det var også noko nytt. Det var ungdommar som tok ei stille stund for seg sjølv mens dei stod ved minnesmerket der namna til alle dei 69 offera står skorpe inn i ein ujålete, men høgst elegant metallring. Det var overlevande som viste yngre leirdeltakarar rundt i Hegnhuset, det nye bygget som kapslar inn dei skadde delane av kafebygget i eit slåande vakkert nybygg som lyser opp teltplassen. Og det var eit fornya engasjement i stemmene til ungdommane idet dei torna mot rasisme og hat – og insisterte på krafta i fellesskap og solidaritet. Motet deira tente lyset som leia meg tilbake.

Det tok mange år før eg skjønnte det, men eg er glad for at eg tok feil. Sidan den første sommarleiren min tilbake til Utøya i 2017 har eg vore på øya eit utal gonger. Kvar gong reiser eg derifrå med fornya tru på verda. Utøya vart ikkje som ho hadde vore, ho vart ei ny kraft, bygd på dugnad og ungdommeleg trass. Utøya reiste seg frå tragedien og vart ein stad som i dag gir titusenvis av besøkande tilbake trua på mennesket. På seine kveldar ved breidda av Tyrifjorden kan du sjå øya lyse opp og minne oss om at mørket ikkje varar evig.

Utøya, Noreg og eg vart forandra for alltid den mørke ettermiddagen i 2011. Den verda som fanst 21. juli 2011 kjem aldri tilbake. Det same gjeld det uskuldige annleislandet eg lærte om i barne- og ungdomsåra mine tidleg på 2000-talet. Farmor har vore død i snart 20 år; i dag veks oldebarna hennar opp på den staden der ho og farfaren min skapte livet sitt for meir enn eit halvt hundreår sidan. Verda går framover. Framtida kjem, enten vi vil det eller ikkje. Først når vi forstår det, kan vi frigjere oss frå lengslane etter alt som var og rette blikket framover.

Det er ei felles oppgåve å finne lyset når mørket omringar oss. La oss hindre at trekken frå uvêret rundt oss sløkker flammen som held oss saman, og i staden tenne tusen små lys som viser veg ut av mørketida.



Statsminister Mette Fredriksen (Iben Alida) opplevde at Danmark plutselig blei ei brennheit brikke i det globale maktspillet. Her med presidenten i Ukraina Volodymyr Zelenskyj (Morten Svartveit) og den engelske statsministeren Keir Starmer (Hallvard Holmen) i bakgrunnen.

SHOWET SOM KOMMENTERER EUROPEISK POLITIKK – VEKE ETTER VEKE

Det er ikkje sjølvstøtt at det å hamne i *Europavisjonar* er noko alle politikarar er glade for. Men dramaet om Europa held fram.

Tekst: Ida Michaelsen
Foto: Ole Herman Andersen

Scenerøyk, paljettar, vindmaskinar og høg showfaktor. Politikarane i *Europavisjonar* får presentere sine visjonar i eit scenisk show langt unna dei vanlege møteromma og konferansesalane dei normalt er i. Men nokre av politikarane som dukkar opp på Hovudscenen har slett ikkje hatt eit ønske om å bli del av det politiske marerittet som spelar seg ut kring oss.

Tar pulsen på politikken

I *Europavisjonar* blir sentrale hendingar i europeisk politisk historie presentert på ein ny og annleis måte: ramma er ein Eurovision-finale, det er koreografert dans og skyhøg sjarmfaktor, det er green room og poenggiving. Men det er også realpolitikk, krig, nyliberalisme og trua på ei framtid utan ideologiar. Ein cocktail av smart politisk satire iblanda ein god dose mimring, historieforteljing og kommentarar



Keir Starmer og Storbritannia kjenner seg kanskje litt aleine etter å ha forlate EU. No manar han til samhald.

til utviklinga i Europa frå murens fall og fram til i dag. Eit drygt år er gått sidan *Europavisjonar* toga inn på Hovudscenen på teateret. Og for eit år det har vore! Fulle salar, stormande jubel. Men også eit politisk år på speed.

Nye og sjokkerande spelereglar

På premierekvelden gjekk det eit gisp gjennom salen da berre timar gamle politiske nyheiter blei del av eit forrykande og paljettglitrande show. Kvelden før hadde president Zelenskyj blitt skjelt ut i Det ovale kontoret, ei hending som fekk ei heil verd til å sjå kva for oppførsel som no var tillate i dei øvste politiske krinsane.

Om ein trudde at botnnivået var nådd, så har det siste årets politiske stormar for alvor synt at spelereglane er nye. Dei er uføreseielege. Dei overraskar. Og dei sjokkerer.

Europa i skvis mellom stormakter

Det har gjort at opptil fleire nolevande politikarar heilt ufrivillig og kanskje heilt mot sitt eige ønske er blitt del av rollelista på Det Norske Teatret. For inn på brettet ramla Mette Fredriksen, som plutselig var i ei av dei heitaste krisene i nyare nordisk historie. USA vil ha Grønland. Dei vil berre overta. Og dersom dei ikkje får det, så er dei ikkje framand for å bruke makt for å få viljen sin. Og Mette Fredriksens reaksjon: her må vi forsvare oss. Brug penger!, oppmodar ho frå scenen.

Denne uventa manøveren frå vår viktigaste og næraste allierte sidan andre verdskrigen har fått andre og store konsekvensar. Grunnleggjande verdiar er i flyt, gamle allierte er kanskje ikkje lenger til å stole på, Europa har hamna i skvis mellom stormakter og kven skal eigentleg stå mot den russiske bjørnen som med uforminska styrke pressar på grensene i aust. Her må Europa stå saman, noko som fekk presidenten i Europakommisjonen, Ursula von der Leyen til å slå eit slag for felles massiv auke i forsvarsinvesteringar. Lenge leve Europa! rungar frå talarstol til talarstol kontinentet over. Sjølv statsministeren i Storbritannia, Keir Starmer, som jo representerer landet som først tok steget ut av unionen, blei plutselig tydeleg på at det ytste vest i Europa står samla med fronten i aust. No og i all æve.

Nye politikarar – nye musikalnummer

Europavisjonar er framsyninga som følgjer den politiske pulsen tett. Derfor har vi vore tvinga til å skrive eit heilt nytt musikalnummer der desse politikarane motvillig er stjernene.

Kvar kveld er det finale i den store songtevlinga om kva for visjon som er best for Europa. Publikum er dei som avgjer, det er berre å innfinne seg, setje poengsummen og gi di stemme til den statsleiaren du tenkjer har den beste løysinga i ein kaotisk politisk kvardag.



Gamle storleikar som Ronald Reagan, Angela Merkel og Jens Stoltenberg har det framleis storvegnes i politisk meir optimistiske tider.



EIT ÅRSMØTE UTANOM DET VANLEGE

- Dette er eit stup-og-skyt-prosjekt, med vekt på «skyt», seier gjengen bak vårens kanskje mest overraskande framsyning. Laget bak *Europavisjonar* ønskjer no velkommen til årsmøte for Noregs største produsent innan forsvarsmateriell - Kongsberg Gruppen.

Tekst: Åsne Dahl Torp
Foto: Eirik Malmo

- og så blir det fest,
flørt og fortrulege
samtalar på stigande
rus.

DET HAR VORE EIT FANTASTISK ÅR!

av Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud og Oda Radoor
Urpremiere 22. mai 2026

- Publikum kjem til å bli skuffa, seier skodespelar og regissør Johan Hveem Maurud.
- Dei trur dei skal på ein revyaktig crazy-komedie, men så må dei igjennom ein masse knusktørre rapportar!

Så la oss ta det først som sist - nokre tal:

- I 2025 hadde Kongsberg Gruppen 27,1 milliardar i driftsinntekter. Det er spesielt krigen i Ukraina som har ført til denne auken.
- Dei siste ti åra har aksjeverdien stige med over 1000%.
- Staten - altså vi - eig 50 % av desse aksjane.

Så at det har vore eit fantastisk år, stemmer, men det har i det heile vore eit fantastisk tiår både for Kongsberg Gruppen og aksjegrassisten den norske staten.

Først årsmøte...

Det har vore eit fantastisk år! er ein fiksjon (for det er fiksjon, ja) som tek utgangspunkt i den faktiske årsrapporten til Kongsberg Gruppen for 2025. Framsyninga, eller kva ein skal kalle det, leikar med element mange av oss kjenner frå jobbkvardagen. Du kjem på konferanse, får på deg deltakarkort med namn rundt halsen og blir ført til eit område der det er kaffi, frukt og mingling. Har du komme feil, undrar du kanskje? Men det har du ikkje, for her er alle deltakarar på årskonferansen til Kongsberg Gruppen. Deretter blir alle inviterte inn i foajeen, der årsrapporten blir lagd fram. Tal blir presenterte, det blir foredrag - og sjølvstøtt prat om den dårlege medarbeidarundersøkinga - før det er ein velfortent pause.

...så blir det fest!

Etter dette blir det eit stemningsskifte, når årsmøtet går over i den årlege sommarfesten.

- Revygruppa viser nokre sketsjar dei har jobba med, og så blir det fest, flørt og fortrulege samtalar på stigande rus, forklarar Herman Enkerud, scenografen, som også skal vere med på scenen. Gjengen lovar ein heidundrande fest med teit underhaldning og usmakeleg og tonedauv humor.

- Dette skal bli moro! legg regissør Oda Radoor entusiastisk til.

- Vi skal inn i crazy-komedie-sjangeren frå 80-90-åra. Litt sånn *Mannen med den nakne pistol* og *Hot Shots*, seier Simen Formo Hay, som også er både regissør og på scenen denne gongen.

- Eg kallar det «gubbe-gøy» og «gummikylling», repliserer Maurud kjapt.

- Eg kallar det «gubbe-gøy» og «gummikylling».

Slapstick og våpen

Det har vore eit fantastisk år kan kanskje høyrast ut som tørre fakta blanda med tøys og tull, men skaparane ønskjer å lage ei oppleving som handlar om eit av dei store paradoksa i fredsnasjonen Noreg: Vi tener pengar på krig. Det er ein komedie om våpen, intrigar og kjærleik.

- Det handlar om kva vi tener pengar på, skammar oss over og samtidig er litt stolte av, seier Hay.

Nei, det er ikkje heilt lett å forklare kva det er gjengen skal i gang med å lage. Men at det kjem til å bli ein konferanse utanom det vanlege, er ganske sikkert.

- Det blir revysongar, slapstick, puppar og våpen, seier gjengen og ler.

LIVET MED STOR L



I haust får Maren Bjørseth tre nye søstre. Dei er dikta fram av Jonas Hassen Khemiri, ein forfattar ho er stor fan av.

Tekst: Ida Michaelsen
Foto: Siren Høyland Sæter

Det er eit megalomant prosjekt, seier regissør Maren Bjørseth og ler. Da ho skulle fylle 40 år stod romanen *Søstre* av Khemiri øvst på ønskelista. Ikkje lenge etter sat ho i møte med teatersjef Kjersti Horn og presenterte ideen om å dramatisere romanen. Og det før ho hadde lese halve boka.

- Ein skikkeleg pageturner! Argumentet mitt var at karakterane var så spennande at vi burde la dei kome til live på ein scene. Kjersti er fantastisk – ho sa ja, den skal eg lese, og etter knappe to veker kom ho tilbake og sa det synest eg vi skal gjere. På Hovudscenen.

Maren Bjørseth er ikkje framand for å setje store og ulike romanverk inn i scenerommet. Tidlegare har ho gjort teaterstykkje av *Prima Facie*, *Anna Karenina*, *Nei og atter nei*, *Leksikon om lys og mørke* og *Mi briljante venninne*, for å nemne nokre. Men også Khemiri sin litteratur har ho sysla med tidlegare. I 2018 gjorde ho *Alt jeg ikke husker* på Trøndelag Teater og ser eit slags slektskap mellom desse bøkene.

- Det er ei linje i forfattarskapen hans, noko som ligg der og som dukkar opp som referansar, gjentakningar eller ein tynt spunnen tråd, som gir nokre svar.

Stort internasjonal gjennombrøt

Khemiri har lenge hatt eit stort internasjonalt publikum. Med *Søstre* fekk han utvida lesarkretsen sin ytterlegare. Boka kom på lista over dei ti beste bøkene i 2025 i *The New York Times*, og hamna same år på listene over dei beste bøkene i *Die Zeit*, *The New Yorker's Best Books*, *Publishers Weekly* og *The Times*, for å nemne nokre. Han flytta til New York for å skrive teksten som først kom på engelsk, før han skreiv heile romanen nok ein gong på svensk. *Søstre* er ein stor roman, både konkret og bileteleg. Han er omfattande, meir enn 650 sider, strekker seg over mange år og vekslar mellom ulike tidsplan, som blir kortare dess lenger ut i romanen ein kjem. Sjølv har Khemiri uttalt at dette er gjort for å vise at tida går

fortare jo eldre vi blir. Det handlar om Jonas, som i likskap med forfattaren veks opp i drabantbyen utanfor Stockholm saman med den svenske mora, den tunisiske faren og dei to små brørne sine. Her blir han kjent med tre søstre, som også er halvt tunisiske og halvt svenske. Mor deira og far hans kjenner kvarandre frå Tunisia. Jonas blir besett av søstrene.

- Alle bør lese romanen. Den er ein lesefest! Og så startar det heile med ein heidundrande fest, som vi sjølv sagt vil ta med inn på scenen.

Romanen opnar nyttårsaftan der år 1999 skal bli til 2000. Ina, Evelyn og Anastasia er på veg inn på den aller kulaste festen.

- Ein kan tru ein har kontroll på livet, og så blir alt heilt annleis.

Ei tidsreise frå milleniumsskiftet

Storesøster Ina er veldig høg, veldig god i basketball og veldig fornuftig. Den slåande vakre Evelyn er eit sosialt nav. Ho hamnar alltid i sentrum, er god på å skjønne kva folk vil ha av henne, og denne velsigninga – eller forbanninga – blir viktig for kva som skjer vidare i livet hennar. Den yngste er Anastasia som er 19 år ved inngangen til det nye milleniet. Ho er ein laus kanon, har ei vill og energisk utstråling og hoppar på alle sjansar, sjølv om ho manglar kontroll.

- Det er ein suggererande start. Alle vi som levde da, vi hugsar jo den kvelden. Skulle verda gå under? Ville all elektronikken slutte å funke? Khemiri har fanga ikoniske augeblikk i tida. Den faktiske historia finst parallelt med fiksjonen. Jagarflyet som krasjar under flyshowet på Vattenfestivalen i Stockholm i 1993, pandemien som snik seg inn i livet våren 2020. Hendingar som påverkar livet til folk. Vi følgjer Jonas og søstrene frå 80-åra og fram til 2020-åra. Vi blir tatt med til Stockholm, Tunisia og

New York, men også til den svenske Vestkysten, til bryllaup i Tyskland og ein kjapp tur til Paris.

- Det vi kan gjere på teateret er jo at vi får oppleve desse folka av kjøt og blod. Og det er mogleg å sjå seg sjølv i alle desse jentene. Vi må rett nok velje bort mykje, men dramatiseringa som Kristofer Grønskog står for har behalde mange scenar som er viktige for forteljinga og for karakterane. Desse jentene er uføreseielege. Og vi må nesten forme dei på nytt. Dei er korkje gode eller vonde, men litt av alt. Khemiri skriv fram heile menneske, ingen er perfekte og alle gjer uventa ting.

*- Kan vi frigjere oss
frå familiemyten
som vi veks opp med?*

Forbanning kasta over søstre

Historia i *Søstre* er prega av to typar forbanning. Mor til søstre har fortalt at det kviler ei forbanning over dei og familien deira. Dei er ganske styrt av denne tanken, at det er visse ting dei kan gjere, andre ting dei ikkje må gjere. Mange ulykker som skjer gjennom livet blir tilskrive denne forbanninga. Der søstre blir mint på mora sin angst, har Jonas og brørne ein far som stadig gjentar at dei kjem til å ende opp som knarkarar. Men er det eigentleg mogleg å endre forteljinga om kven vi er? Kan vi frigjere oss frå familiemyten som vi veks opp med, og som pregar oss?


- Ei rekke karakterar skal gå frå å vere barn til å bli unge vaksne i løpet av denne framsyninga. Det handlar om identitet, om kulturell forankring, om ei framandgjerung som mange av oss ikkje kjenner så godt, men som andre har tett på kroppen. Det er ei forteljing som også snakkar til eit yngre publikum. Det handlar om dei formative åra, der du finn ut kven du er, kven som er vennene dine og kven som er familien din. Spørsmålet blir jo kven du skal vere i forhold til desse og korleis du kan forme ditt eige liv. Men innimellom krasjar draumar og håp med verkelegheita. Og ting blir ikkje som ein hadde trudd.

- Alle desse fire er veldig gjenkjennelege. Vi gjer jo alle vårt beste, og så gjer vi mykje som vi ikkje heilt veit kvifor vi gjer. Ein kan tru at ein har kontroll på livet, og så blir alt heilt annleis. Nokre val får uventa konsekvensar. Og det herlege med Khemiri sin tekst er at du aldri heilt veit kor vi skal. Vi gjer ofte store romanprosjekt på scenen, men dette skil seg ut ved at det ikkje er heilt perfekt. Den dramatiske oppbygginga

er ikkje lineær slik vi ofte tenkjer oss ei historie. Forteljinga liknar meir ein TV-serie. Vi er vant til at det på ein eller anna måte kjem ein konklusjon. At den slemme får som fortent, eller at dei elskande får kvarandre til slutt. Her skjer ikkje det.

Sterkt kunstnarleg lag

Maren Bjørseth gler seg til å verkeleggjere prosjektet ho har drøymt om å få gjere. Lage framsyninga om sjølve livet. Med seg har ho eit sterkt kunstnarleg lag som skal sørgje for at den rette musikaliteten og teaterleiken kjem på plass. Olav Myrtevdet har scenografien, Alva Brosten Walderhaug er kostymeansvarleg, Alf Lund Godbolt designar lydbildet, Norunn Standal har lysdesign og Ida Wigdel er koreograf. Det blir store sceneskift, med mykje rørsle, dans og sterke visuelle og lydmessige effektar. Men heilt sikkert ikkje akkurat slik dei har sett for seg. Litt som livet sjølv, med andre ord.



Søstre er Jonas Hassen Khemiri sin sjetteste roman, og kom ut våren 2024 på Gyldendal Forlag. Omslaget er ved den New York-baserte designaren Rodrigo Corral.

ROLLENE I SØSTRENE

Søstre av Jonas Hassen Khemiri er ein roman om Jonas, om Jonas Khemiri, om tre søstrer som ikkje finst, eller har han møtt dei? Om livet, familieforhold, venner, kvardagar og fest, om tilfeldigeheiter og skjebne, om dikt og løgn, men også om sanning.

I denne oppvekstskildringa følgjer vi søstre og forteljaren sine liv frå tidleg nittital og 30 år fram i tid. Hovudpersonen og forteljaren er i likskap med forfattaren halvt tunisisk, forfattar og busett i New York med familien sin. Dei tre søstre flyttar på eit tidspunkt i barndommen til området der han bur. Dei har også tunisisk bakgrunn og gjer eit uutsletteleg inntrykk på vesle Jonas.

Den eldste søstera, Ina, er høg, god i basket, systematisk og eit skolelys. Evelyn, den mellomste, er smellvakker, ein god historieforteljar og skaffar seg venner overalt. Anastasia, den yngste, er energisk, utolmodig og ei festløve. Tre ulike søstrer som på ulikt vis fascinerer og resonnerer i Jonas som på teaterscenen blir spelt av Nader Khademi. Søstre blir spelt av Hibba Najeeb, Elpida Stojcevska og Natalie Bjerke Roland.



And so it was told



I sin siste roman *Søstre*, som i haust er klar for teaterscenen, har Jonas Hassen Khemiri skrive seg sjølv som forteljar. Det er ikkje første gongen verkelegheita er til stades i fiksjonen til historieforteljaren Khemiri.

Tekst: Erlend Tårnesvik Dreiås
Foto: Max Burkhalter

Meir enn 20 år har Jonas Hassen Khemiri vore ei nyskapande stemme i den svenske litterære offentlegheita. Han skriv romanar, skodespel, noveller, artiklar og kronikkar, og er ein av Skandinavias mest hylla og lesne forfattarar.

Khemiri blei fødd i 1978 og vaks opp på Södermalm i Stockholm med si svenske mamma, sin tunisiske pappa og to brøyr. 25 år gammal debuterte han med romanen *Ett öga rött* (2003), ein dagboksroman ført i pennen av ein innvandrar på innvandrarsvensk. Romanen vekte stor merksemd, og blei både dramatisert og filmatisert. Tre år seinare kom *Montecore: en unik tiger* der hovudpersonen Jonas, som nettopp har debutert med romanen *Ett öga rött*, forsøker å skrive ei bok om sin tunisiske far.

Det sterke samfunnsengasjement til Khemiri har gjort han sentral i debattar om innvandrarar og integrering i Sverige. Mellom anna med kronikken som var utgangspunktet for kortromanen og teaterteksten *Jag ringer mina bröder*, publisert i Dagens Nyheter etter bombingane i Stockholm i 2010.

Han markerte seg også i debatten kring papirlause innvandrarar i 2013 da han publiserte eit ope brev til den svenske justisministeren der han skreiv om svensk politi sin bruk av etnisk profilering. Same året starta han ein skriveverkstad for papirlause innvandrarar.

Bøkene til Khemiri har blitt omsette til eit trettitals språk, og teaterstykkane er sett opp over heile verda. Han har vunne fleire prisar og utmerkingar for arbeidet sitt, mellom anna den høgthengande

August-prisen for romanen *Allt jag inte minns* (2015), og den franske prisen Prix Médicis for romanen *Pappaklausulen* (2018). Romanen *Søstre* blei utgitt i 2023 og opnar med orda «And so it was told...». Den handlar om Ina, Evelyn og Anastasia, tre søstrer som flyttar inn i nabolaget der Jonas bur. Han er forteljaren i historia, har same namn som forfattaren sjølv, og har gitt ut dei same bøkene som han. Handlinga, som strekker seg over 30 år og fleire kontinent, følger dei tre søstrene og forteljaren sine liv og korleis desse er vikla saman.

I dag bur Jonas Hassen Khemiri i New York, der han underviser i kreativ skiving ved Universitetet i New York. Med teaterpremiere på *Søstre* i haust, blir det fjerde gongen Khemiri står på repertoaret på Det Norske Teatret.

PROSJEKT PRØYSEN

Regissør: Jørgen Strickert og Magnus Myhr
Frå 28. august - 27. september 2026

EIN ANNLEIS PRØYSEN

Prosjekt Prøysen er ein varm og ettertenksam teaterkonsert med tre av våre finaste Prøysen-tolkarar. Frida Ånnevik, Knut Anders Sørum og Terje Strømdal har sett nærare på dei mørke, skakke, triste, sinte, bitre og vrine sidene i arven etter ein av våre kjæraste diktarar.

Tekst: Åsne Dahl Torp
Foto: Tale Hendnes

Alf Prøysen hadde eit nært forhold til Det Norske Teatret. *Trost i taklampe* er mellom dei store suksessane som står som ein påle i historia vår, og som sist blei løfta fram på nytt i 2016. Songane og forteljingane hans er vovne inn i samfunnet vårt gjennom radioen og skolegangen, og er lydspor som følgjer oss gjennom livet. Likevel er det mange som nok ikkje kjenner til heile breidda frå repertoaret hans. Den yngre generasjonen har ikkje eit like nært forhold til kulturarven frå Prøysen i det heile.

Dette har laget bak framsyninga *Prosjekt Prøysen* ønskt å gjere noko med. Alf Prøysen gav liv og stemme til arbeidarklassen. Gjennom heile kunstnarskapen sin viste han fram og forsvarte dei rare, dei som hamna på utsida av samfunnet og dei som ikkje blei bedne opp til dans... Med kunnskap og kjærleik har dei komponert ei framsyning som viser fram dei varme, kloke og radikale sidene ved kunstnarskapen hans.

Frida Ånnevik, Knut Anders Sørum og Terje Strømdahl har kvar for seg og på unike vis tolka Prøysen, men dette er første gongen dei tre står saman på scenen. Framsyninga har blitt ei hylling til dei utstøytte, oversette og raringane vi kanskje ikkje alltid legg merke til. Ei framsyning som ser dei minste av oss, og er til trøyst.

«Det er rått, og det er godt. Det er lunt og melankolsk. Gjenkjennelig, men for all del Prøysen slik vi aldri før har verken hørt eller fått ham presentert.»
Gudbrandsdølen Dagningen


«En Prøysen-eksplasjon, for vår tid»
Hamar Arbeiderblad



2002 2002 夢 2002

NTORO:YUME

SCENE 2. DET NORSKE TEATRET // PREMIERE 11. SEPTEMBER 2026



Y2K NOSTALGI



Rett etter tusenårskiftet, i 2002, var utsiktene for menneskeleg framgang, internett, globalisering og film lovande. I dag opplever mange det motsette. Korleis enda vi opp her? Er det tilfeldig at dei som vann krigane, er heltane i historia? Og kven skriv historia? Er vi berre, slik «ntoro» frå Ashanti-folket trur på, eit resultat av vala til forfedrane våre? Klarer vi berre å sjå fortida i framtida, har vi slutta å drøyme, å ha ein «yume»?

Tani Dibasey og Io Sivertsen har i framsyninga *2002 ntoro yume* tatt tak i bølga av nostalgi som har skylt over unge i heile den vestelege verda. Mote, musikk, tv-seriar og dataspel frå tusenårskiftet har fått eit oppsving. Unge menneske finn trygghet i produkt og kulturelle referansar og kjøper cd-ar og dvd-ar i eit forsøk på å kople seg på ei tid dei ikkje har vakse opp i. Dei opplever at verda var betre den gongen, at framtida verkar usikker og at heile verdsbildet no er for uroleg og kaotisk. Gjennom å gå tilbake til fortida, men også ved å spekulere rundt framtida, prøver dei å finne ut av notida. Var det ikkje digg den gongen vi hadde teknologioptimisme?

På scenen møter vi fem menneske som klamrar seg til fortida for å sleppe å forhalde seg til ei utrygg samtid. Gjennom referansar til filmar som *Kill Bill*, *Matrix* og *Charlie's Angels* stiller framsyninga spørsmål om fortid, historie og draumar. Kan ein drøyme seg tilbake til ei tid som verkar meir sann?

3 KANALAR – EITT VAL



Kanal 1

Tilbyr den trippy og action-packa filmen *2002 ntoro yume*.

Kanal 2

Legg opp til den nære og djupe *2002 ntoro yume*-samtalen.

Kanal 3

Gir deg høve til å kople av og berre høyre på nokre bangers via *2002 ntoro yume radio*.

Kvar framsyning er lik – men du gjer ho unik ved å velje lydsporet sjølv.



Sjå nettsida for å finne ut kven du bør følge med på!
www.ntoroyume.no



CABARET

av Joe Masteroff
Musikk John Kander
Songtekstar av Fred Ebb
Regissør: Kjersti Horn
Premiere 17. oktober 2026

- EG VIL SPELE EI SALLY BOWLES SOM VÅGER

Sara Khorami snakkar om rolla ho skal aksle til hausten. Ei rolle ho har drøymt om, og som fyller henne med frykt, lykke og fridom. Men som ho likevel ikkje heilt har tora å håpe på.

- Eg kjenner ho allereie, og ho er i ferd med å ta form i meg.

Tekst: Ida Michaelsen
Foto: Pernille Sandberg

Nattklubsongaren frå den vidgjetne musikalen *Cabaret* er ei dame som har gått eigne vegar. Sally Bowles har reist frå den strenge amerikanske barndomsheimen sin og oppsøkt den europeiske livsstilen. Vi er i mellomkrigstida, ein periode med store kontrastar. I Berlin omfamnar Sally Bowles det dekadente miljøet på Kit Kat Klubb, ein fristad for folk som vil kaste maska. Her er takhøgda stor og klubben er kjent for dristige og grensesprengande show. Hedonisme og seksuell frigjering går hand i hand, medan folk ute i gatene ropar på den sterke mannen. Og akkurat denne motsetnaden mellom fridomen på innsida og ønsket frå utsida om å kneble dette miljøet, triggar Sara Khorami i arbeidet med rolla.

- Eg kjenner ei verd der denne klubben ikkje får eksistere. Tanken på at nokon skal avgrense fridomen din, at nokon skal avgjere kva som er rett, kven som får synge, kven du skal elske og korleis du skal kle deg, er ikkje til å halde ut.

Fridom kan ein ikkje ta for gitt

Bærumsjenta med foreldre frå Iran, veit at fridom ikkje er noko ein kan ta for gitt. Og meiner at *Cabaret* aldri har kjentest så relevant som no, i alle fall så lenge ho har levd.

- Ein stor del av meg tenker mykje på det med fridom og ufridom. I Iran er det ikkje lov for kvinner å synge solo. Dei kan synge fleirstemt og i duo med menn, men ikkje aleine. For nokre år sidan kom eg over ein konsertvideo som eg har tatt med meg inn i arbeidet med Sally. På scenen står eit iransk band med gitar og jenter, salen er fullsett, og ein kan sjå at noko er i ferd med å skje. Den eine kvinna reiser seg, og syng ut, ho nærast skrik ut songen. Det er kraftfullt, og ho er tydeleg stolt. Dette går ho for. Bandet applauderer henne, publikum reiser seg i begeistring, og alle veit at ho med dette risikerer fengsel og mest sannsynleg ikkje får synge meir. Ei fryktlaus kvinne som vågar. Sara Khorami kjenner også på frykt, men det er ei heilt anna form for redsle. Nemleg om ho vil klare å fylle rolla. Da er det lurt å tenke på dei som risikerer noko for å gjere det ho elsker, nemleg å synge og danse.

- Eg må gjere om denne frykta for å feile til ei glede over at det faktisk er mogleg å gjere Sally Bowles. For samstundes som ein kan bli overvelda av alt ein skal kunne, kjenner eg på ei enorm takksemnd. For å kunne danse, synge og å vere fri.



Sara Khorami ønskjer velkommen til Kit Kat Klub, ein litt lurvete og sveitt nattklubb, der takhøgda er stor og folk kan vere kven dei ønskjer.



- Eg skal formidle fridom. Det eg står for, og det eg har i bagasjen min.

Vi skal til Berlin, i 30-åra, ei brytningstid der byen både hadde ei forlokkande tiltrekkingskraft samstundes som den politiske einsrettinga fekk fotfeste.

Høg sjølvdisiplin

Sara Khorami førebur debuten i musikalsjangeren med høg sjølvdisiplin. Året som leier opp til premieren er fylt med mange og lange filminnspelningar. Ho har nyelg vore å sjå i *Troll 2*, i julefilmen *Hvis ingen går i fella* og i *Kraken* og tv-serien *Legevakten*. Men ho har avtalt med songpedagogen Ståle Ytterli at han kjem heim til ho for å ruste henne til oppgåva. Likeins har koreograf Silas Henriksen lagt opp til fysiske øvingar ho kan trene på, for Sara Khorami er klar over at musikalsjangeren er ein krevjande disiplin.

- Det er sikkert ein million menneske som eignar seg betre til ein musikal enn det eg gjer. Men om det er EIN musikal eg skal gjere, er det denne. Eg skal formidle fridom. Det eg står for, og det eg har i bagasjen min. Så får eg krysse fingrane for at det er nok. Og blir eg redd, får eg tenke på ho dama som syng med all si kraft, seier Sara Khorami.

Ein draumegjeng å jobbe med

Kjersti Horn har regien på haustens musikalsatsing og saman med sin faste scenograf Sven Haraldsson skal ho ta oss med tilbake til 30-års hippaste hovudstad. Signaturen deira er utstrekt bruk av skjerm og kamera. Det blir det denne gongen også. Men publikum får også oppleve storslegne musikalnummer og sveitt nattklubbstemning på Hovudscenen på Det Norske Teatret. I tillegg blir nære spelescenar projisert til lerretet, og handlinga i musikalen vil spele seg ut i fleire tidsriktige miljø som blir bygde på teateret. Preben Hodneland er klubbens Emcee, som Sara Khorami sist spelte mot i *Kristin Lavransdotter*.

- Ein draumegjeng å jobbe med. Saman skal vi skape den klubben der menneske heilt skamlaust kan finne kvarandre, feste og glede seg saman, uavhengig av kven du er, eller kor du kjem frå. På Kit Kat Klubb er det plass til alle; utskota, frikarane, drøymarane, alle type menneske er representerte. Det som luskar utanfor, skal kvar augneblink ta fridomen frå dei. Denne klubben burde eigentleg eksistere i alle verdas krikar og krokur. Der orda tar slutt, bør songen og dansen starte. Ikkje fordømminga, eller valden, avsluttar Sara Khorami.

NOSTALGITRIPP

Det blir 90-talsnostalgi, svensk midtsommar og krøkkete møte mellom bygd og by, når feelgood-musikalen Ånglagård endeleg kjem til Noreg.

Tekst: Erlend Tårnesvik Dreiås
Foto: Eirik Malmø

Ein av svensk films største suksessar, blir *Ånglagård* kalla. Filmen, som er skriven og regissert av Colin Nutley, hadde premiere i 1992 og blei sett av 1,4 millionar menneske i Sverige. Scenen der Helena Bergström og Rikard Wolff, som hovudpersonane Fanny og Zac, brasar inn i småbydyllen på motorsykel, har skriva seg inn i svensk filmhistorie.

Her heime i Noreg blei filmen også ein publikumsvinnar. VG sin meldar skreiv til premieren at filmen var ein «herlig, varm komedie, hvor den svenske folkesjelen har den suverene hovedrollen.»

Det skulle gå i overkant av 30 år før historia fann vegen til musikalscenen.

Musikalsuksess

I 2023 hadde musikalen *Ånglagård* urpremiere på Oscarsteatern i Stockholm. Han var skriven av Edward af Sillén og Daniel Réhn, med musikk av Fredrik Kempe. Kempe og af Sillén var også involvert i musikalen *Så som i himmelen* frå 2018. Ifølgje kritikarane gjekk overgangen frå det store lerretet til teaterscenen veldig bra, også denne gongen. «Musikalen *Ånglagård* är lätt att älska,» skreiv Aftonbladet. Dagens Nyheter skreiv at musikalen var «snygg, tänkvärd och berörande.» «En given publiksuccé,» slo QX fast.

Våren 2027 er musikalen klar for eit norsk publikum. Regien er ved Jakob Höglund og scenograf er Sven Haraldsson. I to av hovudrollene finn vi Ina Svenningdal og

Ken-Philippe Tete. Svenningdal er godt etablert for musikalpublikummet i Oslo, med roller i mellom anna *Frost*, *Into the Woods*, *Tolvskillingsoperaen* og *Europavisjonar*. Tete er for tida å sjå som Miss Oopsi i familie-musikalen *Pippi på sirkus*. No skal dei to spele den ikoniske duoen Fanny og Zac som kjem rett frå kabaretsenen i Berlin til den svenske landsbygda. Det blir ikkje eit problemfritt møte.

Ein feelgood-musikal

Når Fanny og Zac veltar inn i kyrkja under gravferda til einstøyingen Erik, og det viser seg at ho er den ukjente arvingen til herregarden Ånglagård, blir livet i den vesle byen snudd på hovudet. Fanny og Zac representerer alt det den smålåtne lokalbefolkninga ikkje er. I den solfylte svenske høgsommaren har folket rundt Ånglagård fått noko nytt og spanande å snakke om. Kvifor drog mora til Fanny så brått frå byen og kven er eigentleg faren hennar? Den einaste som veit svaret på dette, er landsbymatriarken Rut. Ho har alt å tape på at Fanny dukkar opp i Yxared.

Ånglagård er ei humoristisk og rørende forteljing der fordommar blir utfordra, relasjonar blir sette på prøve, og der overraskande fellesskap veks fram der ein minst ventar det. Det blir landleg sjarm, kulturkrasj og ein god dose drama. Musikken er skriven av ein av Sveriges store hit-makarar. Teksten blir omsett til norsk av Runar Gudnason.



Filmlakaten til Ånglagård (1992) med Helena Bergström og Rikard Wolff, som hovudpersonane Fanny og Zac. Foto: Memphis Film AB



Det er Ina Svenningdal og Ken-Philippe Tete som speler rollene som Fanny og Zac når Det Norske Teatret set opp Ånglagård i 2027. Foto: Eirik Malmø.

ÅNGLAGÅRD

BOBLANDE FANTASIRIKDOM FOR BARN

Barna kan gle seg til hausten! Da blir det skrekk og humor-teater på barna sine premisser når Feil Teater skal fylle rommet på Scene 3.

Tekst: Åsne Dahl Torp
Foto: Eirik Malmo

- Vi ønsker at barna skal gå heim med ei oppleving av noko heilt utanom det vanlege! seier Amalie Ibsen Jensen, ein av dei som utgjer Feil Teater.

Sidan oppstarten i 2016 har teaterkompaniet blitt kjent for å lage framsyningar med tydelege tema i augehøgde med publikum. Dei har hausta svært gode kritikkar, Heddaprisen og nominasjonar, og billettane til dei ofte eksklusive teateropplevingane har blitt rivne bort.

Mange av framsyningane er altomfattande vandreteater med underfundige karakterar og frodig scenografi der det blir skapt ei heil verd publikum kan tre inn i, bevege seg rundt i og vere delaktige i. For eksempel har publikum måtta gå gjennom eit kjøleskap og over ei islagt hengebru for å komme vidare i historia.

- For barn kjennest det stort å få vere delaktige, ta på og vere med, forklarar kompanjongen Sebastian Skytterud Myers.

- Ja, da kjenner dei på meistring, legg Ibsen Jensen til.

Framsyningane blir ofte skapte gjennom intervju med barn og med barn som test-publikum. Fleire av teaterstykkane er som mysterium barna sjølve må vere med på å løyse. Utan at barna hjelper til, vil framsyninga stoppe opp. Det kan vere dei må finne ein nøkkel inne på eit kontor, for å låse opp eit skap, som viser seg å vere ei dør til ei magisk verd.

- Vi ser faktisk på teater som ei demokratisk øving. Vi ønsker å vise barn at dei kan ha påverknad og ha noko å seie.

FRANKENSTEIN

Urpremiere 24. september

Ein nyskriven teaterversjon av klassikaren som appellerer til skvetne vaksne og modige barn frå ti år.

DEN PERFEKTE PREMIEREN (OG DET SOM VART LITT DUMT)

Urpremiere 19. november

Ein verdskjend kunstnarduo som kjem «heim» for å sette opp ei framsyning for første gong på mange år! Men så skjer noko uventa og litt dumt, som publikum må hjelpe til å ordne opp i.



«Feil Teater lagar fantasirike, medrivande framsyningar som kan ta pusten ifrå ein. Eg vil at vi skal ta barneteater på alvor, og det gjer Feil teater.»
- Kjersti Horn

DET NORSKE TEATRET PRIDE

Det Norske Teatret er stolt samarbeidspartnar med Oslo Pride og Skeive scener. I slutten av juni feirar Det Norske Teatret kjærleik, mangfald og stoltheit saman med resten av Oslo! Hos oss kan du oppleve teaterframsyningar, stand up, samtalar og kostymesal! Velkommen!



TRUE SCANDI GIRL

Av og med Iben Alida

18. juni kl. 18.30

Ei monologframsyning om å skape si eiga verkelegheit og ønsket om å vere ei ekte skandinavisk jente.

Scene 3



FORANDRE SEG: METODE

Av Édouard Louis

18. juni kl. 21.00

Er eg dømt til alltid å håpe på eit anna liv, spør forfatter Édouard Louis. I denne intime framsyninga kjem publikum heilt tett på skodespelar Vetle Bergan gjennom kameralinsa.

Scene 2



KOSTYMESAL

20. juni kl. 11.00 - 16.00

Treng du antrekk til paraden? Velkommen til stort kostyme- og rekvisittsal på Det Norske Teatret.

Foajeen



OSLO PRIDE UP

20. juni kl. 19.00

Ein latterleg kveld med Adam Schjølberg og nokre av Noregs største skeive komikarar!

Hovudscenen

Visste du at...



TEATERPAKKA

Glad i teater? Kjøper du minst tre framsyningar i same transaksjon, får du 30% rabatt på ordinær pris! Skann koden eller les meir på detnorsketeatret.no



INNSIKT

Ønskjer du å fordjupe deg i sesongens repertoar, eller er interessert i bakgrunnsstoff, er Innsikt tingen for deg. Introduksjonane er heilt gratis for publikum.




SPRÅKOPPDRAGET

Språkoppdraget er podkasten der vi utforskar ord, dialekt og språkbruk – og samstundes gir deg eit innblikk i kvardagen på Det Norske Teatret.



OMVISING

Ta med deg elevane, familien eller jobben og sjå kva som hender i kulissane på eit stort teater!



BILLETTAR

Vi har ulike billettprisar og rabattar for til dømes barn, studentar, honnør, grupper og OBOS-medlemmar. Kjøp billettar og gåvekort på detnorsketeatret.no eller ring oss på tlf. 22 42 43 44.



YNGDA

Er du mellom 15 og 25 år kan du sjå teater til 150,-. Meld deg inn i Yngda heilt gratis og få billige billettar og andre gode tilbod!



GÅVEKORT

Gi eit teatergåvekort til ein venn som verkeleg har alt? Det er gyldig i to år, og du kan sjølv velje kva beløp du vil gi.



SVOLTEN?

I restauranten Bule kan du velje mellom teatermeny, á la carte eller ein enkel bar-meny. Les meir på bule.no



KAVLI BILLETTFOND

Eit billettfond for ideelle, frivillige og humanitære organisasjonar. Med Kavlifondet får personar som til vanleg ikkje oppsøker teateret moglegheita til det. Sjekk ut om de kan søke!



UTLEIGE OG ARRANGEMENT

Teateret er godt eigna for alle typar arrangement; kick-off, konferanse, julebord, mottaking, VIP-middag, frukostmøte, prisutdeling og pressekonferanse. Ta kontakt på utleige@detnorsketeatret.no



TILRETTELAGT

IR-anlegg og rullestolplassar på alle scenane våre. 2. juni er *Pippi på sirkus* RELÆXT. 13. juni blir *Pippi på sirkus* teiknspråktolka. For spørsmål, ta kontakt på hei@detnorsketeatret.no



HALD DEG OPPDATERT – MELD DEG PÅ NYHEITSBREV!

Skann koden eller les meir på www.detnorsketeatret.no



HOVUDSCENEN



EUROPAVISJONAR

av Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud og Oda Radoor
Regissør: Simen Formo Hay
Spelar vidare



PELICOT-RETTSSAKA

av Milo Rau & Servane Dècle
Berre 8. juni



PROSJEKT PRØYSEN

Basert på Alf Prøysen
Regissør: Magnus Myhr og Jørgen Strickert
Oslopremiere 28. august



SØSTRENE

av Jonas Hassen Khemiri
Regissør: Maren E. Bjørseth
Premiere 5. september



PIPPI PÅ SIRKUS

av Bjørn Ulvaeus, Tilde Bjørfors og Maria Blom
Regi: Roine Söderlundh
Spelar til og med 27. juni



CABARET

Manus av Joe Masteroff
Musikk av John Kander
– songtekstar av Fred Ebb
Regissør: Kjersti Horn
Koreograf: Silas Henriksen
Premiere 17. oktober



JULEROSER

av Herborg Kråkevik
Regissør: Catrine Telle
6., 13. og 20. desember

SCENE 2



HAUGTUSSA

av Arne Garborg
Regissørar: Ane Dahl Torp og Erik Ulfsby
Spelar vidare



15 ÅR

av Kathrine Nedrejord
Regi: Tatu Hämäläinen
Urpremiere 17. juni



LES MISÉRABLES

basert på romanen av Victor Hugo
Regissør: Kjersti Horn
Frå 26. august



2002 NTORO YUME

av Tani Dibasey og Io Sivertsen
Urpremiere 11. september




ARV OG MILJØ

av Vigdis Hjorth
Regissør: Kjersti Horn
9. og 10. mai



DA VI VAR YNGRE

av Oliver Lovrenski
Regissør: Aksel Hennie
Spelar vidare



ANTROPOLIS

av Roland Schimmelpfennig
Regissør: Mina Salehpour
Spelar til og med 13. juni



SUKKER

av Linda Gathu
Regissør: Linda Gathu
Frå 6. mai

SCENE 3



FRANKENSTEIN

av og med Feil Teater
Regissør: Vilde Johannessen
Urpremiere 24. september



UNNI OG GUNNI MÅLAR

av av Anna R. Folkestad
Regissør: Julie Moe Sandø og Ina Svenningdal
Spelar vidare



DET HAR VORE EIT FANTASTISK ÅR!

av Simen Formo Hay, Johan Hveem Maurud og Oda Radoor
Regissør: Simen Formo Hay
Urpremiere 22. mai



Ansvarleg utgjevar Det Norske Teatret, Kjersti Horn Redaktør Ida Michaelsen I redaksjonen Åsne Dahl Torp, Erlend Tårnesvik Dreiås
Grafisk formgjeving Atosa M. Salekdeh Forsidefoto Io Sivertsen Produksjon Konsis

Sponsorar

